

## 1 Resolusjon

### 2 Gjerde langs jernbanen Grong-Steinkjer

3 Kwart år er det langs Nordlandsbanen mange påkjørslar av tamrein. Dette medfører stor liding for dyr  
4 og store tap for dei som driv næring. I tillegg gir dette tap for togselskapa med forsenka tog og  
5 materielle skader. Påkjørslar medfører og kostnader til ettersøk, avliving og fjerning av døde dyr.  
6 Restar etter døde dyr langs jernbanen trekker og til seg åtseletarar, noko ein heller helst ikkje vil ha  
7 inntil jernbanen.

8 Reindrifta er pressa på mange område, noko som gjer at areala dei disponerer blir stadig mindre.  
9 Auka rovdyrpress gjer at reinsdyra blir pressa bort frå areal i fjellet og ned i låglandet og bygda. Her  
10 kan det bli utfordringar med at reinen beiter og grev på jordbruksareal som kan skade avlinga.

11 Reindrifta gjer sjølv ein stor, men ofte nyttelaus innsats for å halde dyra sine unna bane.

12 For 100 år sidan då jernbanen vart bygd hadde ein råd til å setje opp gjerde langs denne for å hindra  
13 at husdyr og vilt kom inn på banen. Manglande vedlikehald gjer at desse gjerda stort sett er borte,  
14 eller sterkt til nedfalls og har liten eller ingen funksjon.

15 Reindrifta er ei viktig næring som utnyttar marginale ressursar til ein god matproduksjon. Ei  
16 levedyktig reindrift er viktig for å ivareta samisk kultur noko som gjer at vi tar tak i dei utfordringane vi  
17 kan gjera noko med og som er øydeleggjande for reindrifta. Ei av utfordringane er manglande gjerde  
18 langs jernbanen, årleg blir ca 150 rein påkjørt på strekninga Grong-Steinkjer.

19 Venstre vil at det på utsette strekningar mellom Grong og Steinkjer blir sett opp gjerde for å hindre at  
20 rein blir påkjørt av tog. Det må gjerne og prøvast andre aktuelle tiltak for å få bort påkjørslane.

21

22 Snåsa Venstre

23

## 24 Resolusjon

### 25 Utbetring av fv 763 for E6 i Snåsa

26 Det tar tid å få rassikring og tunell på E6 ved Langnesberga i Snåsa. Når E6 er stengt på grunn av ras  
27 eller anleggsarbeid, vil trafikken gå om FV 763 Snåsa. Denne vegen er ikkje laga for verken stor trafikk  
28 eller for tungtrafikk. Her er både smale parti, svingete parti og enkelte stader dårleg veggrunn (tele).

29 Det vil vera tragisk om flytting av trafikken frå rasfarleg E6 skaper alvorlege trafikkulykker på  
30 avlastingsvegen. Venstre vil difor arbeide for at det snarast mulig blir gjort utbetringstiltak på FV 763.

31

32 Snåsa venstre